



Norges Golfforbund

Dato: 26.08.2015  
Vår ref.: 2014/24253-105  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Land of Solheim- en reise gjennom Norge - søknad om tilskot - førebels svar

Vi har motteke dykkar søknad om støtte til «Land of Solheim – en reise gjennom Norge».

Det kjem gjennom året inn opne søknader til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga som ikkje er retta mot nokon spesifikk søknadsordning. Det har vore praksis å handsame desse knytt opp til løyvingar frå Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto.

Tildelingar gjennom Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto skal gå til (større) prosjekt og tiltak som ikkje naturleg fell inn under etablerte søknadsordningar, men som likevel i høg grad oppfyller mål i gjeldande kulturplan.

Ein ønskjer i all hovudsak at aktørane i kultur- og idrettslivet skal forholde seg til søknadsordningane som er etablert. Søknadsordningane skal spegle og støtte opp om fylkeskommunen sine satsingar. Det vert i desse etterstreba å ha opne og rettferdige prosessar som oppfyller krava til god forvaltningsskikk og –lov. Likevel ser ein at det kan vere prosjekt som er viktige og som støtter opp under fylkeskommunen sin kulturpolitikk som ikkje fell inn under dei etablerte ordningane, og at det bør vere rom for å kunne støtte nokre slike. Enkelte gonger kjem også tiltak opp som det er ønskeleg å støtte, utanom vanleg planlegging, med korte tidsfristar.

*Kultur- og ressursutvalet vedtok i sak 13/15 i møte 22.01. 2015 korleis prosessane for handsaming av opne søknader skal vere:*

- *Søknader som naturleg fell inn i etablerte ordningar skal få tilbakemelding om dette og det vert evt. beden om godkjenning til å flytte søknaden inn i aktuell ordning.*
- *Søknader som fylkesdirektør/fylkesrådmannen ser som særst viktige å effektuere snarast kan løftast fram i eige sak til Kultur- og ressursutvalet eller evt Fylkesutvalet.*
- *Andre søknader vert handsama i samsaker knytt til Kultur- og ressursutvalet sin rådveldekonto siste møte i kvart semester.*

*Kvar månad vert det vurdert administrativt korleis ein skal handsama den enkelte opne søknaden som då er komen inn, og det skal sendast førebels svar på korleis den enkelte søknad er tenkt handsama.*

**Vi har sett på dykkar søknad og vurdert den til å skulle handsamast i ordninga Opne søknader.**

Søknaden vert førebudd av Kultur- og idrettsavdelinga. Når saksførebuinga er avslutta legg fylkesrådmannen saka fram for politisk handsaming og avgjerd i Kultur og ressursutvalet.

De vil bli underretta om Kultur og ressursutvalet sitt vedtak i eige brev, jfr. forvaltningslova § 27.

Det er venta at saka vil verte avgjort i Kultur og ressursutvalet på møte den 12. november 2015.

Irene Fredheim Kronen  
førstekonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*